


# ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 5 MAI 1974 23. årgang


## Orkdals siste privat-sjukepleie sluttar

Den private sjukepleies hjelpande og ærerike epoke i Orkdal ser ut til å være slutt.

Orkland menighetssøsterlag vedtok på årsmøtet 18. 4. å slutte med sjukepleien når Eldreheimen på Svorkmo er innflyttingsklar i mai. Fra da av går all sjukepleie i øverbygda også gjennom Sosialkontoret. Formann i laget, sjukepleiar Rannveig Tronvoll, vil likevel i ein prøveperiode vere kontaktmann mellom dei som ønsker pleie og Sosialkontoret.

Vi viser elles til s. 3.

---



## St. Georgsdag

Dagen skal feires 23. 4. Men av praktiske hensyn ble begivenheten lagt til søndag 21. Svorkmospeiderne var med for første gang, og guttene på Orkanger bar tydelig preg av aktiv reorganisering. Opptoget fra u-skolen til Orkanger kirke ble langt til slutt. Kirken var så godt som fullsatt. Jentetroppene på Torshus og Orkanger var også med. Etter gudstjenesten med løfteformyelsen ble det avholdt fin fest på skolen, ledet av Preben Rasmussen. Musikken satte også en festlig spiss på opptoget. Fin dag midt i regnværet.

---

## *Miljø for barn og unge*

Konfirmantane blir presentert i dette nummeret. Det er det viktigaste for oss denne gongen. Konfirmasjonen er inga likegyldig handling. Vi legg vekt på den. Vi omtalar også Trøndelag søndagsskolekrins sitt 70 årsjubileum som skal feirast her hos oss.

På denne bakgrunn har vi forma overskrifta. Læring har vore sentralt i den kristne oppdraging gjennom alle tider. Dette ikkje utan grunn, det står at vi skal døype og lære. Det er det siste vi har frå Jesu munn i Bibelen. Det er naturleg at kunnskapsmengda i kristendom har minka i den samfunnsutvikling vi har vore inne i. Skolen vår som opphaveleg var ein kristendomsskole har fått mange knoppskytingar, kristendomsfaget har to veketimar. Ei liknande utvikling har sikkert funne stad i heimane. Søndagsandakten er det mye slutt med, og kveldsbøna er kanskje også på veg ut. Ein har så mye anna å ta seg føre.

Trass i pedagogiske landevinningar som har kompensert mye av den tapte tid, er det påvisbart mindre kristen kunnskap no enn tidlegare blant dei unge, og sikkert også blant eldre. Dette er uansett eit fareteikn.

Det vi no har skrive skal ikkje tydast dit at vi vil attende til gamle tilstandar. Det er ikkje berre glans over dei heller. Vegen å gå ligg i overskrifta. Vi må tilby miljø der kristen tru fungerer i praksis. Det kan skje ved gudstenester på skolen, i søndagsskolen, i konfirmanttida, i barnemisjonslaget, i heimen, i speidarpatruljen og overalt der ein kristen ferdast. Vi må arbeide slik med miljøet at det gir lærdom så dei unge blir grunnfesta og veit kven dei trur på. Og dette miljøet må vere allsidig slik at det blir gitt nok føde både til sjel og kropp.

Eit hovudprinsipp vi aldri må miste av syne er at kristen tru alltid berre er eit tilbod, det trivst ikkje saman med tvang. Det er framleis Guds ånd som gir tru.

Vi er berre reidskap.

*ige.*



## SLEKTERS GANG



### Døpte

**Orkland.**

7. 4. Linda Svendsen
14. 4. Kai Boris Bienek.

**Orkanger.**

11. 3. Hallgeir Isdal (Ingd. kpl.)
7. 4. Bjørn Einar Olsen
Toril Eggen (Heim k.)
Jannike Eggen (Heim. k.)
14. 4. Kenneth Blomli
21. 4. Arvid Nordstrand.

**Orkdal.**

7. 4. Erik Garberg
Bjørn Aage Garberg
Ove Aunan
Jan Inge Ustad
Joar Syrstadeng (Meldal k.)
Gry Mjøen
Gunnvor Austigard
Liv Grete Sommervold
Borghild Meås
Oddrun Walstad
11. 4. Knut William Paache
Anette Grødal.
14. 4. Arild Nesset



### Vigde

**Orkanger.**

30. 3. Lars Kirkholt og
Marit Nordvoll
13. 4. Nils Erik Larsen og
Gunvor D. Eriksen.

**Orkdal.**

30. 3. Torfinn Solheim og
Magnhild Anette Oddli
6. 4. Reidar Fjelldal og
Inger Elshaugmo
Trond Anton Krognes og
Synnøve Elisabeth Rosmo.

**SØVASSKJØLEN FJELLKIRKE**

postgiro 3675436 GJØLME.

EI KIRKESAK FOR ALLE I ORKDAL.



### Døde

**Orkland.**

Andreas Berbu 1974.

**Orkanger.**

22. 3. Maren Røhme f. 1884
26. 3. Katty Trelease f. 1897
1. 4. Anna Oline Bjørnstad f. 1895
12. 4. Sigrid Kristiansen f. 1910
15. 4. Ole L. Prestmo f. 1907.

**Orkdal.**

29. 3. Sigurd Ingvald Kjønli f. 1896
3. 4. Borghild Melbye f. 1890
4. 4. Anne Advending f. 1906
11. 4. Ingebjørg Nilssen f. 1915.

**Geitastrand.**

27. 2. Anders Slettvold f. 1912
7. 4. Ole L. Almli f. 1896.

## Vårlengt

**Ein ærleg hug, eit ope sinn**
**å møta dagen med**
**all mismotsmakta overvinn.**
**Du får i hjarta fred.**

**Ber du på vinterdagens is**
**du frys i hugen din.**
**Men gjer det helst på vårens vis**
**og smil mot sola fin.**

**Ein lengt mot vårens blomar blå**
**litt snø om mjuke kinn.**
**Det gjer all verdens sorger små**
**og slepp deg gleda inn.**

**Eit smil, eit vakkert velmeint or'**
**eit nikk, eit muntert vink**
**og trivsel i ditt hjarte bor**
**kvar dag og augneblink.**

**Kaare Rogstad.**

# Radiokristendom

Det er ikke lenger eiendommelig at et menneske er radiokristen. Det behagelige har nemlig alltid tiltalt menneskene. Ja, for det er uten tvil meget behagelig å være en radiokristen. Det innebærer hverken selvfornektelse, forsmedelse eller anstrengelse. Man kan sitte hjemme hos seg selv, plassere seg i en god stol, drikke formiddagskaffe, ta seg en røyk, mens man lytter til prestens preken over søndagsteksten.

Det er et svensk blad som på denne måten setter søkelyset på en noe ømtålig sak.

Ingen fornuftige mennesker som har evnen til å glede seg over evangeliets frie løp i vårt folk, vil gjøre seg til talsmenn mot radio og TV-overføringer av gudstjenester. Selvsagt må det gå an å øve positiv og konstruktiv kritikk mot slette prekener og forfeilede opplegg. Men at Guds ord via eteren når frem til syke og handicappede, til eldre og avsidesboende mennesker, det verdsetter vi. For det er avgjort en god ting.

Noe helt annet er det når radiooverføringene blir redskap for makelighet og unnskyldninger for en privatisert kristendomsform. For det normale og naturlige for et kristen-menneske er å finne sin faste plass der Ordet blir forkynt og sakramentene blir forvaltet. Der fellesskapet skyter friske skudd — i alle fall burde gjøre det. Gudstjenesten er nemlig ikke en soloprestasjon fra prestens side. Det er menighetens gudstjeneste, der hvert enkelt lem aktivt deltar i den liturgi og salmesang som er uttrykt for lovprisning og tilbedelse av den levende Gud. Og dette kan ikke fungere rett i radio eller TV-gudstjenesten. For den er, som det er sagt, sakramentløs, samfunnsløs og tjenesteløs.

Derfor: opp av lenestolen og til Guds hus. Og gjør gjerne en diakonal tjeneste underveis, ved f.eks. å bruke bilen til å få med noen eldre og uføre til kirken. De har gjerne mer behov for samfunn og sakrament enn de fleste.

*Segl.*



**MENIGHETSBLAD**

**for Orkdal prestegjeld**

Utgitt av sokneråda i Orkdal

Redaksjonsnemnd: **Anny Bonde. Eva Andersen. Reidar Halgunset.**

Redaktør: **Inge Eidhamar.**

Annonser: **Sigmund Haugset.**

Kasserar: **Ivar Fandrem, 7320 Fannrem.**

Postgironr.: 32 68 72.

Takk for gåver og kontingent.

Svorkmo Prenteverk A/S, Svorkmo

## Har kyrkjas diakoni ei framtid?

Vi festar på papiret noen refleksjonar frå Orkland menighetsøsterlags årsmøte og ein samtale med Rannveig Tronvoll.

Det historiske vedtaket om å slutte med direkte sjukepleie fekk full tilslutning på årsmøtet. Men samstundes var det like klar vilje til å halde fram i diakonitenesten. Eit av utgangspunkta er årsmeldingas ord om «liten anledning til å stikka innom og slå av ein prat med dei som tykkjer dagane blir lange og einsformige». Slik vil ein da venteleg satse på «noe av det sentrale i menighetspleien som blir rive bort etter kvart som arbeidet blir fagleggjort», for igjen å sitere. Med andre ord at det åndelege, trivselsmessige og kontaktskapande sikte får vekt meir enn før.

Ut frå dette vedtok også menighetssøsterlaget å halde fram med arbeidsforeiningane og krevje inn kontingenten. Dette året ser ein da på som eit prøveår.

I ein samtale med formannen seier ho at eit arbeidsopplegg med besøksteneste er av stor interesse. Menighetssøsterlaget måtte dekke eventuelle reiseutgifter til dette. Likeins at ein held fram med og bygg ut Eldres hyggetime, at ein årleg arrangerer ein spesiell eldres kyrkjedag med middag etter gudstenesten. Vidare at ein arrangerer kortare turar. Opplegget på Hoston 26. mai er ei prøve på dette.

På årsmøtet retta Minni Eikli som sjukepleiesjef ein varm takk til Menighetssøsterlaget for innsatsen. Det var ikkje med glede ho måtte konstatere at arbeidet som hadde vore i gang sidan 1936 no blei nedlagt. Men ho lova at Sosialkontoret skulle prøve fylle plassen så godt dei kunne.

Arbeidsgruppene i Orkland menighetssøsterlag er no: Svorkmo, Skulmoen, Ela, Rønningen, Årlivoll eldre, Årlivoll yngre, Solsjøbygda, Ljøkjel.

Den private sjukepleie har nedlagt eit veldig arbeid i Orkdal. Etter opplegget no får ein berre takka, og synest det er rettast at alt blir administrert gjennom Sosialkontoret. Det finst mange heiderskvinner i den private sjukepleietenesta i Orkdal.

På Svorkmo blei mellom andre Sigrid Tronvoll nemnt, den einaste av dei som var igjen frå starten i 1936.

Så går den kyrkjelege diakoni inn i ein ny æra. Med den stendig aukande prosent av eldre i folket er oppgåvene ikkje blitt mindre. Vidare burde ein sjå sitt ansvar for slike som ligg under for stoffmisbruk, alkoholmisbruk, slike som har vanskar med å stabilisere ekteskap og heim, spesielle sosiale vanskar i barnemiljø m.v. Vi vonar dagen ikkje er langt borte da vi kan ha fast tilsett diakoniarbeidar i kvar menighet. For Orklands vedkomande kan dette raskt løysast med eit så imponerande arbeidsfellesskap som Menighetssøsterlaget er.

**ige.**

## Eldretreff

på Hoston søndag 26. mai. Frammøte til gudsteneste kl. 11. Kyrkjekaffi.

Eldre frå Orkland sokn som vil ha skyss ringer Orkland menighetssøsterlag ved Rannveig Tronvoll. Heimturen går over Storås el. Svorkbygda.

## Årsmelding for Orkland Menighetssøsterlag 1973

Eit år går så fort. Vi har atter vår med årsmøter i store og små lag og institusjonar. Gamleårets drift og rekneskap skal opp til revisjon, og det er like stor spaning kvart år å sjå kva dei mange tala blir til når dei blir slege saman.

Det har vore to styremøter. Gjennom heile året har Magna Bakken, Magnhild Monset og Berit Rye vore i aktivitet. Dei har til saman hatt ca. 3700 pleietimar.

Enkelte heimar hadde det ekstra strevsamt med sine gamle sjuke, og dei pårørande ofra seg til det ytterste. I slike tilfelle er det ekstra godt å ha nokon som kan hjelpa med nattevåk og slit. Dei sette og stor pris på avlastinga. Størst etterspørsel etter hjelp var det likevel dei tre siste mnd. av året. Mange einslege kom i den situasjon at dei måtte ha hjelp heile døgnet. Vanskeleg har det ofte vore og fått hjelpa til å rekke saman. Mange pårørande og ellers private har i denne tida rakt ei hjelpande hand. Dette er hjelp dei sjuke må betala sjølve, men vi er takksame for alle som sa seg villige og tok sin tørn.

Sosialkontoret har og sett inn sine folk gjennom lengre periodar. Dette er forhold som og har prega det nye året, men vi vonar at det snart skal bli ei betring.

Mellom sykepleiesjefen og Menighetssøsterlaget har det vore godt samarbeid også siste året. Mange kneikar har vi kravla oss over i fellesskap.

Menighetssøsterlaget hadde i 1973 ei samla utgift på kr. 44 165. Ein del disponibel kapital har laget enda, men det er klart at med dei utteIlingar det har vore dei siste åra kan det ikkje gå så lenge. M.lagets arbeid har heller ikkje vore heilt det det var tenkt til. Med timebetalt hjelp sier det seg sjølv at det blir liten anledn. til å stikka innom og slå av ein prat med dei som tykkjer dagane blir lange og einsformige.

Noko av det sentrale i menighetspleien blir rive bort etter kvart som arbeidet blir fagleggjort.

Det er vanskeleg å slutta heilt av med eit arbeid folket er glad i og som har så vidt stor oppslutning.

# *Trøndelag Søndagsskolekrets er 70 år*

Ved kretsens årsmøte, som skal holdes på Svorkmo, 18.-19. mai, blir det markering av kretsens 70-årsjubileum. Fra Norsk Søndagsskoleforbund kommer generalsekretæren, pastor Aksel Andreassen. Han vil også forrette og preke i Orkland kirke. Andreassen tiltrådte stillingen som generalsekretær, etter pastor Sverre Seim, den 1. juni 1971. Før han kom til Forbundet var han res.kap. i Bredtvet prestegjeld i Oslo.

Trøndelag Søndagsskolekrets vil også få ønske bygdens folk velkommen til kretsmøtet.

Søndagsskolen har hatt en gledelig fremgang det siste år. For å nevne Orkdal prestegjeld først er det en fremgang på hele 119 barn og 1 leder. Nå sier vel ikke dette så meget, men fremgangen er fra 251 barn til 370 barn. 47,4 % fremgang på ett år er meget gledelig. Fremgangen blant lederne er på 5,9 %, så inneværende år er det 18 kvinner og menn som legger ned et stort arbeid for barna. Vi må vel alle være med og støtte disse med forbønn og hjelp.

I kretsen er fremgangen også god, fra 8809 barn til 9666 barn, d.v.s. 857 flere gutter og jenter på søndagsskolene. Lederne er det ikke så stor stigning av, fra 587 til 607, 20 flere ledere. Fremgangen regnet i prosenter er for barn 9,7 %, og for ledere 3,4 %. Alt dette er jo gledelig, men nå må vi også tenke på å få flere ledere. Du skulle Be om at søndagsskolene måtte få nok ledere, som kunne være med å bringe evangeliet til de unge.

Syng evangeliet om Jesus,
så enkelt og varmt du formår.
Syng om den rensende kilde
som åpen for alle står.

Slik står det i en sang, og dette er det mange som er med på i søndagsskolen. Vil du også hjelpe barna til Jesus?

**Per Fedje.**

---

Styret drøfta etter eit forslag fra Helga Ljøkjel, om det kunne gå an å få istand ei overgangsordning.

Dette skal årsmøtet i kveld ta standpunkt til. Vi retter ein hjerteleg takk først og framst til dei tre heimehjelparane våre som trufast har tent oss også dette året. Også takk til arbeidslag og enkeltpersonar som har stødd til med pengegåver og arbeidsinnsats på dei forskjellige områder.

For Orkland Menighetssøsterlag 18. 4 -74.
**Rannveig Tronvoll.**

---

**ORKDAL MINNEFOND**

De får blankettar hos:
Gunnar Melås, Kåre Gjønnes Johan Fagerholt, Ane Øyasæter, Fannrem bokhandel, Einar Bjørndal, A. G. Nødtvedt, Fridtjof Digerås, Peder Tronvoll, Borghild Asphjell, Dagny Korsli, Lars Bonvik.

**ORKLAND MINNEFOND**

Blankettar hos
Klara Aamodt, 7330 Svorkmo.

## SØNDAGSSKOLEN I ORKDAL

Det er ti søndagsskoler i gang — vanlegvis er det søndagsskole kvar 14. dag i skoleåret. Lista ser slik ut: Evjen v. Arnfinn Nesset, Gangås v. Einar Stokkan, Grøtte v. Arne Mastad, Vormstad v. Anny Bonde, Øyum v. Tore Høston, Orkanger v. Marit Singstad, Gjølme v. Marie Knutsen, Monset v. Ingvar Grytdal, Svorkmo v. John Fagerli, Kjøra v. Gunhild Bjørnbet. Det er innskrivne 370 barn og 18 leiarar.

## TRØNDELAG KRETS

Formann er stortingsmann Ottar Gravås, og sekretær Per Fedje. Gravås blir med i Orkdal kyrkje under jubileet, og Per Fedje i Geitastrand. I Orkland kyrkje er generalsekretær Aksel Andreassen forrettande prest. Det blir festmøte på Svorkmo misjonshus 18. mai kl. 19, og likeeins 19. mai kl. 16. Generalsekretær Andreassen talar over emna: «Kast garna ut», og «Kristen oppdraging - belastning eller privilegium».

# *Gud høyrer bøn*

Det er rart kor godt ein hugsar ting som hende i barneåra. Det som kom meg i tanken var ein sumar mor, eg og nokre av de yngre søskena mine var på setra. Det var midt på natta, mor vekte oss for det var eit forferdeleg uver. Lynet blinka og tora dundra som om store plankestablar kom ramlande utover oss.

Kvifor mor vekte oss? Jau ho ville vi skulle be saman, be om Gudshjelp mot det fæle uveret. Så hugsar eg vi borna bad først og mor tilslutt. Veit du kva som hende?

Da mor var ferdig med bøna var det og slutt på torveret. Vi høyrde tora så vidt i det fjerne, men no kunne vi legge oss trygt til å sova.

Kvifor eg nemner dette? Gud høyrer bøn og han vil så gjerne at vi skal koma med det som er vanskeleg for oss til han.

I Matt. 7. kap. v. 7 les vi: Bed og de skal få, leit og de skal finna, bank på og det skal latast opp for dykk. Nettopp dette vil eg minna oss om. Vi har dei tusen ting som skal gjerast og mellom dei har vi vel og ting som det kan vera bra og tala med Gud om.

Gud vil gjerne hjelpa oss, men det er så alt for jamt at vi vil hjelpe oss sjølv. Dette minne frå setra har komi for meg så mange gonger.

Mor som kjende til denne vegen, denne hjelpa som så altfor få gjer seg bruk av og at ho synte oss borna vegen det var det største og det beste ho kunne læra oss.

Denne bønevegen står åpen for alle, små og store, den er ei hjelp for oss berre vi nyttar den.

Prøv den: Jesus blir glad dersom du kjem med di bøn til han i dag.

**—n—i**

Velkommen til vår forretning.
Vi står alltid til tjeneste.
Gjør innkjøpene hos oss.

*Svorkmo Handelssamlag*



# *GAVER til bladet*

ORKDAL:

Dagfinn Fagerli 10. Inger Fandrem 10. Johan Sognli 20. Nikolai Almli 20. Erling Almli 25. Johanna Jamtgård 25. Ragnhild Hammer 10. Kristofer Prestmo 10. Lars Søvasli 10. Gunda Solem 10. J. Risli 10. Borghild og M. Morken 10. Marta Kråkdal 10. Martin Bjørndal 10. Leif Meland 10. Anders Reitan 10. Oline Selbekk 10. J. Vuttudal, Kleven 10. Andr. Konstad 10. Kari og Kjartan Hofstad 20. Karen Anne Norberg 20. R. og A. Blåsmo 20. Sigfrid og Jørgen Digerås 20. Tormod Havik 20. K. og H. P. Melbye 20. Kåre Gjønnes 20. Magnhild og S. Haugset 20. Solveig og John Kjelstad 15. Anne Asbjørnslett 15. Ingeborg Rian 10. Ingvald Solbu 20. Borghild Asphjell 20. Dagny og Per Korsli 50. Maren og Ingv. Rian 10. Sigrid Rønning 10. Jenny og Olaf Gjønnes 20. John Søvassli 50. Ivar Belsvik 10. Karen Blåsmo 10. Toril og Jan Bye 10. Kari og Odd Hukkelås 10. Lars Husbye 10. Marit Reitan 10. John Kråkdal 10. Anbjørg og O. Mellingsæter 10. Johs. Aune 10. Olav Venn 10. Ingrid Rindal 10. Johanna og O. Hallem 10. Solveig Ranes 20. Julie Lien 20. Marta og Helga Morken 20. Helene og Jan Asphjell 20. Fredrik Togstad 20. E. og O. Gjønnes 20. Hjørleiv Eldevik 20. Sivert Mælen 20. Sigurd Garberg 20. Ann Mari og Ole Bye 20. Mille Solhusmo 20. Ola P. Solem 20. Odd Fossum 20. Karl Evjen 20. Albert Mjøen 20. Lars Kirkaune 50. Marie Larsen 10. Arne Kjøren 10. Idun og Einar Leland 20. Helene Evjen 10. Jarle Bakkli 10. Eivind Husby 20. Erika og Åge Nørve 20. Serine Mjønesaune 20. Aslaug Brattbost 20. Reidun Ljåmo 10. S. og J. Dragset 10. Peder Kvåle 10. Paul Sæterbakk 10. Ellen og G. Furuhaug 10. Johanna Elvebakken 10. Alfred Oddli 10. Jorunn og Rolf Johnsen 10. Sivert Forvemo 10. Marie Sommervold 10. Marit P. Advending 10. Egil Johansen 20. Knut Eggen 20. Martinus Aasbø 20. Erling Aarvik 20. Anne og Sigurd Eldevik 20. Karen og R. Kråkenes 20. Bernh. Vinterdal 20. Anna og Harald Røhme 20. Ole Elvebakken 20. Arne Ustad 20. Ole Almli 25. Anne og A. Andøl 25. Petra og Arne Melbye 15. H. Paulsen 15. Dagrun og Jostein Øyasæter 20. Forbord 10. Ola Samskott 10. Martin Hansen 10. John Dørdal 10. Mart. Koksæter 10. L.S. 10. Alvhild Engen 10. Ingeborg Kvålsvold 10. S. Troøyen 10. Arne Ekli 10. Mikal Meland 10. Marie og A. Gjønnes 10. Anne Hansen 10. Petter Ljøkjeld 20. Johanne Fandrem 20. Kåre Vik 20. Magna Kirkaune 20. Egil Aamot 20. Ivar Wolden 20. Erik Sølberg 20. Marie Vattengård 20. Anna Nerøien 10. Gunvor Garberg 25. Ola Skaugen 20. Lars Digerås 10. Erling Svee 10. Hermund Asbjørnslet 10. Odd P. Reitan 10. Sivert Bakk 20. Gjertine og O. Solhus 20. Berit Lium 20. Søster Ågot Akset 10. Margido Hansen 10. Ola A. Kvåle 10. Bjarne Bjørndal 10. Elisabeth Dørdal 10. Dortea og Johan Buan 10. Rolf Kjelstad 10. Roald Alver 10. Rasmus Kvernmo 10. Berte og B. Sommervold 20. Jostein Fagerholt 20. Andreas Koksæter 20. Borghild og H. Kvåle 20. Svein Andersen 20. Helmer Blåsmo 20. Øyvind Karlsen 25. Jorild og Ola Ljøkjel 20. A. og H. Noremsaune 10. Magne Dørdal 10. John Aunemo 10. Maja og Iver Lefstad 10. Iver Fossum 10. Ingemar Fossum 10. Else og Bård Bakk 10. Anna Thoresen 10. Aasmund Skjølberg 10. Gjertrud og John Solem 25. Erling Andersen 20. Gjertrud Ustad 10. Henriette Sæther 10. Karen Solem 10. Sigrun Eldevik 10. Olav Krokstad 10. Ella Kvåle 10. Else og John Forvemo 10. Jorid og Kr. Berg 20. Johan og Ida Kvakland 20. R. A. Skålholt 30. Trygve Mellingsæter 20. Oline Rønning 10. B. og G. Gjertsen 10. Marie Nervik 10. Emma Østhus 10. Arne Lillery 10. Karen J. Wormdal 10. Jarl Fagerholt 10. Ivar Haugen 10. Leif M. Dørdal 10. Astrid og S. Konstad 10. K. Christiansen 30. Tormod Hagen 15. Liv og Johan Møller 10. Astrid og Knut Solem 10. Reidar Sundli 10. John Snøsen 20. Pauline Bjørkøyli 10. Ane Øyasæter 20. Karen L. Gjønnes 10. Lise og Karl Øien 10. Beret og Johanna Lefstadaune 20. Gunnar Gisvold 20. Anders Kleiven 20. Anna Steinshaug 30. Arnulf Kvål 30. Johan J. Meås 10. Marit Fandrem 10. Valborg og Odd Kårmo 20. Ingeborg Fossbakk 30. Einar Lynum 10. Ida og Th. Hestnæs 10. Ingrid Ustad 10. Ingeborg Øren 10. Georg M. Lie 25. Ragnhild og John Meyer 25. Laura og Bernt Blomli 10. Beret Røkke 20. Martin J. Vold 20. Elen og H. Sivertsvik 20. Dagny Kvam 10. Anna Sognli 20. Olav Slupphaug 10. Marie og Sverre Gjønnes 10. Ingeborg Svorkås 10. Anne M. Aune 15. Jon Aunemo 50. Magnhild Kurås 10. Arne Ljøkelsøy 10. Gudm. Bjørnbeth 15. Marit Tverdal Advending 10. P. Rædergård 10. O. Lindsetmo 20. O. Granli 15. Ingeborg Grø 20. Ingrid og Ole Haugen 10. Kari Solstad 10. Eli og Sivert Fandrem 20. Gustav Kjønli 20. Olav Lysberg 10. Gudrun og Erling Veiset 10. Ingeborg Fagerholt 10. Sig. Alver. sen. 15. Bjørg Lillery 10. Oddm. Vuttudal 20. Grete og Amund Wormdal 20. Klara og Ingebr. Bakk 10. Arne Eriksen 10. Lars M. Solem 20. Eldbjørg og Ivar Solhusmo 20. Marit Kvakland 20. Liv og Johan Eklid 20. J. Ustad 10. Ole K. Kråkdal 10. Gudrun og Sverre Fossum kr. 10.

Framh. i n. nr.

**Pene dåpskjoler**
til utlån.

❉

**Harald Hukkelås**
**Orkanger.**

**Konstads Bokhandel**
Orkanger.

**Bøker Papir**
**Skolemateriell.**

**Ansvar — Varde**

Avholdsfolk bruker sine egne forsikringsselskaper for hus, heim, næringsvirksomhet, bil, motorsykkel og traktor.
Snakk med våre representanter:
Brage Fagerli, Svorkmo t. 2113.
Sigmund Haugset t. 82362 eller
distr.repr. Ivar K. Gangås t. 82175



# Konfirmasjonen 1974

**Orkanger kyrkje 5. mai.**

kl. 10: Elisabeth Berg
Trine Andersen
Helen Johanne Fossum
Brit Gullvåg
Brit Alvhild Haugan
Maj Lis Karlsen
Anne Grethe Knudsen
Marit Krovoll
Ingrid Lien
Bente Slåstad
Anita Storm
Berit Johanne Vinterdal
Jostein Bakken
Tor Eriksen
Harald Grøttvik
Per Helge Hansen
Kjell Arnold Helbæk
Arild Husvær
Hans Atle Kringstad
Arne Nyberg
Arngrim Røhme
Per Einar Pedersli
Arne Solbu
Stein Ove Aanonsen

Kl. 12:
Unni Merete Hansen
Annie Hegglund
Anne Grete Johansen
Eva Karin Karlsen
Kirsten Kjærran
Marianne Nissen
Eva Rønning
Liv Karina Selvåg
Elisabeth Sivertsen
Tove Slettvold
Gunn Irene Vullum
Ingvar Auran
Pål Ivar Blåsmo
Odd Jomar Filipsen
Geir Olav Kattem
Geir Keiserås
Stein Olav Lund
Øystein Mo
Rolf Arne Pettersen
Jomar Reitan
Asgeir Rønning
Arild Singstad
Terje Skinstad
Ole Oddbjørn Sundli
Anders Svare.

★

## Velsignelsen — en kraftkilde

Konfirmasjonen er en velsignelse. Velsignelsen er en kraftkilde. Derfor er vi dristige nok til å påstå at konfirmasjonen har veldig betydning.

Vi kjenner motargumentene — vær ikke bange for det.

En inngangsbillett til dansefesten lørdag kveld. En penge- og gavespekulasjon. En gammel, men helt uthulet og tom tradisjon.

Om så konfirmasjonen er en velsignelse, så er det alene å skvette vann på gåsa.

Vel, vi går ikke med skylapper for øynene. Vi erkjenner vekten i motargumentene. Men på tross av dette vil vi likevel henvise til vår argumentasjon.

For det første tror vi på Gud. Og når han velsigner ligger det umåtelig kraft i handlingen. Det vet vi blant annet av egen erfaring gjennom årene. «Svimrande ved syndedjupi viljeveik eg falla kan», har vi kjent med gamle Anders Hovden. Men vi har også kjent at bønnen fikk svar: «Herre, lei meg langs med stupi med di sterke frelsarhand». Konfirmasjonens velsignelse er blitt en levende og stadig tilbakevendende kraft.

Men så ble du da også prest. — Å nei da, så lett avfeies det ikke. Vi har møtt dem, fra nord til sør i landet, unge og eldre av alle kategorier mennesker, som bekjenner i ord og liv: Konfirmasjonen ble oss til velsignelse!

Kanskje det er det at du ikke har tenkt over det. Det er så vanlig å høre at konfirmasjonen betyr en slikk og ingenting.

Og så tenker en uvilkårlig at det må være så.

Men Gud velsigner framleis — også gjennom konfirmasjonen.

Og de unge er minst like mottakelige i dag som før. Vi tror på et åndelig vårvær i landet.

Fordi vi tror på Gud — og de unge.

Velsignet konfirmasjon!

ige.

**i Orkdal 5. mai 1974.**

Toril Asbjørnslett
Ellen Johanne Berg
Åse Bjørndal
Sissel Buan
Inger Oline By
Torill Bye
Bjørg Anne Dørdal





Rønnaug Gudfrid Eldevik
Kristin Engen
Janne Kristin Engløkk
Ragnhild Fossum
Berit Gjønnes
Ruth Grønvold
Unni Halvorsen
Hanne Kristin Hammertrø
Gerd Ingrid Haugen
Randi Helland
Heidi Hestnes
Grete Hukkelås
Åse Kringstad
Ingrid Ellinor Lien
Aud Jorhild Lysevoll
Kari Lysevoll
Gunn Eva Løftamo
Aud Martinsen
Grete Johanne Melås
Guri Merete Nordbø
Nina Ramkes
Eva Kristin Rigstad
Agnes Rogstad
Synnøve Skjølberg
Anne Lise Solberg
Elin Solberg
Else Margrethe Storbekken
Jorunn Slørdal
Turid Størseth
Gunn Svorkmo
Mildrid Sæterbakk
Karin Søfting
Unn Merethe Wæge.

Oddbjørn Almli
Tor Edvard Almli
Kjetil Andersen
Audun Bjørnbet
Ola Dahl
Øystein Ove Dørdal
Jørn Arne Eikli
Lars Folvik
Kjell Jomar Gjøås
Hans Hukkelås
Kenneth Høstland
Willard Dennis Anton Høstland
Geir Johnny Ingdal
Halvard Kjønli
Terje Kristiansen
Eivind Kvakland
Petter Kvåle
Ivar Liøkel
Øyvind Ophaug
Per Arnt Reiten
Leif Olav Rømme
Helge Sivertsen
Per Helge Slupphaug
Steinar Snøsen
Eindride Svorkås
Knut Torjuul
Magne Wuttudal
Magne Høston.

## *Til ein gut på konfirmasjonsdagen*

Sjå dagen idag er av solgull gyllt
med rame av himmelblått
og heimen av høgtid og
helgedom fyllt
over unggutens draumeslott.
Din tanke tar turen så vide om
der ute frå livet deg ropar eit kom!
Du går der og veit noko ventar deg,
men veit 'kje å finna veg.

Din Gud har deg tenkt
til eit fagnaverk.
Gå ut som ein læresvein!
Hugs Anden vil gjera deg
stormande sterk
og leggja deg leia bein.
Vit, oppgåver finnes det
meire enn nok!
Vår ungdom no kristnas
skal flokk etter flokk.
Eit krossmerka flagg
får du bera i slag,
ei gåve på denne dag.

Eit ynskje vi har for deg alle no
at du må gjera det godt,
men meire vel endå at du må bli go'
i livsløpet du har fått.
Og då lyt du heidra
din far og di mor,
gjeva dei kjærleik og hugnadsord.
Og over det heile ha otte for Gud
så fyller du alle bud.

**Kaare Rogstad.**

**i Geitastrand 12. 5. -74.**

Leif Terje Haugnes
Jan Inge Isdahl
Oddvar Kjøren
Ole Morten Meland
Jorunn Isdal.

**Orkland kyrkje 12. mai**

Helga Eidhamar
Kjellfrid Elden
Marlaug Hoston
Inga Marie Sandvik
Anne Regine Selbekk
Sissel Solås
Arnt Ottar Garberg
John Harald Jakobsen
Jørn Kvåle
Toralf Larsson
Ståle Mjøen
Jon Roald Sandvik
Grim Skjølberg
Per Olav Skjølberg
Joar Stølhaug
John Gunnar Tallerås
Jan Åge Valstad
Audun Vormdal.





## VÅR MENIGHET

**Mange besøk.**

Søndag 19. mai feirar Trøndelag søndagsskolekrins sitt 70-årsjubileum her hos oss. Dette er omtala elles i bladet.

Kr. Himmelfartsdag har Orkladal fellesforening av NMS stemne og årsmøte på Svorkmo. Misjonsprest Olav Johnsen er hovudtalar. Elles er sekr. Olav Hyldmo og andre med. Det er gudsteneste i Orkland kyrkje kl. 11, og festleg samvær på Svorkmo misjonshus kl. 15. I pausen mellom får ein kjøpt mat. Olav Johnsen er Madagaskarmisjonær.

Treeiningssøndag 9. juni er det to storstemner på Fannrem. Trøndelag, Nordmøre og Romsdal krins av Norges Vanførelag har årsmøte og Misjonssambandet har sitt store kvinnestemne. Det blir gudsteneste i Orkdalskyrkja kl. 10.

Det kjente songkoret Hymnos har konsert i Orkdalskyrkja pinseaften.

**Kontoret**

i Den Gode Hyrdes kapell på Orkanger er framleis åpen tysdagar 10 - 12 og torsdagar 17 - 19.

## GUDSTJENESTER

**1. mai:**
Orkdal kl. 11. Rogstad.
Offer til Kr. Arb. forbund.

**3. s. e. påske - 5. mai:**
Orkdal. Rogstad. Konfirmasjon.
Offer til menighetsarbeidet.
Orkanger kl. 10 og 12. Eidhamar.
Konfirmasjon.
Offer til menighetsarbeidet.

**Tysdag 7. mai:**
Orkland kl. 19. Konfirm.samtale.

**4. s. e. påske - 12 mai:**
Geitastrand . Rogstad.
Konfirmasjon.
Offer til menighetsarbeidet.
Orkland. Eidhamar.
Konfirmasjon.
Offer til menighetsarbeidet.

**17. mai:**
Orkland kl. 10,30: Familiegudst.
Eidhamar.
Offer til barne- og ungd.arb.
Orkdal kl. 11: Fam.gudst. Rogstad.
Offer til Menigh.fak. og IKO.
Orkanger kl. 12: Familiegudst.
Eidhamar.
Offer til barne- og ungd.arb.

**5. s. e. påske - 19. mai:**
Orkland. Generadsekr.
Aksel Andreassen.
Geitastrand. Kretssekr. Per Fedje og Rogstad.
Nattv. for konfirmanter o. a.
Orkdal. Stortingsm. Ottar Gravås. og Eidhamar. Offer til søndagsskolen på alle gudst.

**Kr. Himmelfartsdag - 23. mai:**
Orkland. Misj.prest Olav Johnsen.
Offer til NMS.
Nattverd for konfirmantar o. a.
Orkdal. Rogstad.
Nattverd for konfirmantar o. a.
Orkanger. Eidhamar.
Nattverd for konfirmantar o. a.

**6. s. e. påske - 26. mai:**
Ustjåren skole. Rogstad.
Hoston. Eidhamar. Eldretreff.

**Pinseaften - 1. juni.**
Orkdal kl. 20. Sangvesper.
Sangkoret Hymnos og cand.teol. Olav Uglem. Kollekt til Fjellhaug Skoler.

**1. Pinsedag - 2. juni:**
Orkdal. Høgtidsgudst. Rogstad.
Offer til Det norske bibelselskap.
Orkanger. Høgtidsgudst. Eidhamar.
Offer til Den norske sjøm.misjon.
Geitastrand kl. 15. Høgtidsgudst.
Rogstad.
Offer til Den norske sjøm.misjon.

**2 Pinsedag - 3. juni:**
Orkland. Høgtidsgudst. Eidhamar.

**Treeiningssøndag - 9. juni.**
Orkdal kl. 10. Begge prestene.
Merk tida.

## Bestemor klarte det

På Jæren i januar 1974. Bestemor står i gangen og strever med å få på seg kåpen. Barnebarna ser dette og spør: «Hvor skal du hen, bestemor?» Hun svarer at hun skal en tur til kirken. Men det er ikke søndag og dette blir hun gjort oppmerksom på. «Nei, jeg vet det, men jeg skal bare gå en tur til kirken.»

Bestemor var en gammel, trofast misjonsvenn. For henne var Helligtrekongersdagen med misjonsgudstjeneste og ofring til misjonen årets store høydepunkt. Men kreftene begynte å svikte, så dette året var hun redd for at hun ikke ville klare å komme seg til kirken. Derfor måtte hun ut og prøve kreftene.

Det var en glad bestemor som kom igjen fra turen. Hun klarte det. Og søndagen var hun på plass i kirken og gikk rundt alteret sammen med alle de andre for å gi sin gave til misjonsarbeidet. Det ville være rart om det ikke fulgte ekstra velsignelse med et offer som er gitt med en slik kjærlighet og glede.

Orkanger Gartneri

**Blomster og planter** til
barnedåp, bryllup og konfirmasjon.
Begravelser og ellers alle anledninger.

Hjertelig takk for all deltakelse ved min kjære mor og svigermor Anne Grøtans bortgang.

**Margit og Olav Wavold.**

**Gavekonvoluttene**

til bedehuset på Gjølme innbragte kr. 2 464,25.

Vi vil med dette takke hver enkelt giver for det gode resultat.

**Bedehusstyret og Husforeninga.**